

---

**Fra:** Marit Nedreli  
**Sendt:** mandag 11. november 2019 08:14  
**Til:** 'Alf Hansen'  
**Emne:** SV: Re: SV: 62/14 - gjeld tiltak - sakID 19/1331

Hei

Bileta som eg sende utsnitt av, har kommunen motteke den 27.05.2019 frå Veås eiendom AS. I dokumentet som kommunen mottok 27.05.2019 står det at saka mellom anna gjeld «fasadeforandring».

Sjølv om det er fritak for søknadsplikt etter plan- og bygningslova § 20-1, jf. plan- og bygningslova § 20-5 og forskrift om byggesak § 4-1, kan det vere krav om dispensasjon frå gjeldande plan, jf. plan- og bygningslova § 19-2. Tiltakshavar er ansvarleg for at tiltak etter plan- og bygningslova § 20-5 vert utført i samsvar med dei krava som følgjer av reglar gjeve i eller i medhald av lov, jf. plan- og bygningslova § 20-5, siste ledd.

I dette tilfellet er fasadeendring i strid med gjeldande plan, og det er krav om dispensasjon frå gjeldande reguleringsføresegn § 9, nr. 9.2.2.

Eigar av gnr. 62, bnr. 1 er Opplysningsvesenets fond. For kontaktinformasjon sjå nettsida <https://www.ovf.no/>.

**Med venleg helsing**

**Marit Nedreli**  
**Rådgjevar**



T / 56 19 21 00

E / [post@osteroy.kommune.no](mailto:post@osteroy.kommune.no)    W/ [www.osteroy.kommune.no](http://www.osteroy.kommune.no)

Osterøy kommune - Geitaryggen 8 - 5282 Lonevåg. Org. nr.: 864 338 712

---

---

**Fra:** Alf Hansen <[alf.hansen@icloud.com](mailto:alf.hansen@icloud.com)>  
**Sendt:** tirsdag 5. november 2019 09:58  
**Til:** Marit Nedreli <[Marit.Nedreli@osteroy.kommune.no](mailto:Marit.Nedreli@osteroy.kommune.no)>  
**Emne:** Re: SV: 62/14 - gjeld tiltak - sakID 19/1331

Hei

Takk for svar.

Jeg har ikke informert om at det ble forandringar på vedlagte skisse som du har sendt. Vinduet til høgre på skissen skal ikke settes inn. Når det gjelder vinduet til venstre som erstattes av dør, oppfattet jeg det slik at så lenge det var samme bredden på døren som vinduet, så var det ikke søknadspliktig.

Når det det gjelder bekreftelse på etablert oppfatning av grenser, så skal jeg skaffe bekreftelse fra 62/16, 62/15 og 62/52. Derimot når det gjelder 62/1 som er prestegården, er jeg litt mer usikker på framgangsmåte. Etter hva jeg forstår, er det Opplýsningsvesenets Fond som formelt eier prestegården nå. Er det der jeg skal henvende meg?

Alf

Den 1. november 2019 kl. 0:38 skrev Marit Nedreli <[Marit.Nedreli@osteroy.kommune.no](mailto:Marit.Nedreli@osteroy.kommune.no)> følgende:

Hei

Utsnitt frå foto/teikning motteke 27.05.2019:



Innsetjing av dør der det er eit vindauga og innsetjing av nytt vindauga er fasadeendringar.

Innanfor verneområde kan eksisterande bygg setjast i stand ved å nytta same målestokk, takform, fasadar, inndeling av vindauge, utforming av dører og vindauge, og materialbruk som i opphavelg bygg, jf. reguleringsføresegn § 9, nr. 9.2.2.

Kommunen vurderer at fasadeendringa som er synt på motteke foto/teikning er i strid med reguleringsføresegn § 9 nr. 9.2.2, sidan teikningane syner at det ikkje er nytta/skal nyttast same fasadar og inndeling av vindauge som tidlegare.

Det er dermed krav om dispensasjon for fasadeendringar, oppføring av tak og skiljevegg.

Meir informasjon om dispensasjon og skjema ligg på nettsida til Osterøy kommune <https://www.osteroy.kommune.no/siteassets/innhald/plan-bygg-og-eigedom/informasjionogskjema-dispensasjonsoknad.pdf> .

Når det gjeld eigedomsgrenser er det ikkje nok at eigar av gnr. 62, bnr. 14 sender inn teikningar av kvar grensene skal gå. Det må liggje ved signatur frå eigarar av gnr. 62, bnr. 1, 15, 16 og 52, som stadfestar at alle er einige om kvar grensene går.

**Med venleg helsing**

**Marit Nedreli**

**Rådgjevar**



T / 56 19 21 00

E / [post@osteroy.kommune.no](mailto:post@osteroy.kommune.no)    W / [www.osteroy.kommune.no](http://www.osteroy.kommune.no)

Osterøy kommune - Geitaryggen 8 - 5282 Lonevåg. Org. nr.: 864 338 712

---

---

**Fra:** Alf Hansen <[alf.hansen@icloud.com](mailto:alf.hansen@icloud.com)>  
**Sendt:** torsdag 31. oktober 2019 20:02  
**Til:** Marit Nedreli <[Marit.Nedreli@osteroy.kommune.no](mailto:Marit.Nedreli@osteroy.kommune.no)>  
**Emne:** Re: 62/14 - gjeld tiltak - sakID 19/1331

Hei

Takk for svar.

Det er rett at vi ikke har søkt om dispensasjon .

Vi har vel ikke nok kjennskap til prosedyrene i dette. Men da oppfatter jeg dette med skråtak blir oppfattet som fasadeforandring, og dette må søkes om dispensasjon for å få nødvendig godkjenning.

Er det spesielle skjema for dette, og spesifiserte krav til en slik søknad?

Jeg oppfattet det også da slik at det med eiendomsgrensen i forhold til skillevegg er OK

Alf

Sendt fra min iPhone

29. okt. 2019 kl. 08:38 skrev Marit Nedreli <[Marit.Nedreli@osteroy.kommune.no](mailto:Marit.Nedreli@osteroy.kommune.no)>:

Hei

Kommunen syner til e-post med vedlegg motteke 23.10.2019.

Det er i e-posten mellom anna synt til at det er søkt om oppføring av skråtak og forlenging av uteplass.

Kommunen har per dags dato ikkje motteke søknad om løyve til tiltak for desse to tiltaka, jf. plan- og bygningslova § 20-1.

Kommunen har heller ikkje motteke søknad om dispensasjon for endra fasade med meir, jf. brev av 03.10.2019 frå Osterøy kommune.

Kommunen opprettheld brev av 03.10.2019 om ulovleg tiltak og krav om tilbakeføring.

Endra frist for merknader og retting vert sett til 29.11.2019.

**Med venleg helsing**

**Marit Nedreli**

**Rådgjever**

<image001.jpg>

T / 56 19 21 00

E / [post@osteroy.kommune.no](mailto:post@osteroy.kommune.no) W / [www.osteroy.kommune.no](http://www.osteroy.kommune.no)

Osterøy kommune - Geitaryggen 8 - 5282 Lonevåg. Org. nr.: 864 338 712

-----  
-----